



Vår dato:

03.06.2019

Vår ref:

2019/3081

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Diana Eidem, 5557 2162

Brev sendt per e-post til: postmottak@radoy.kommune.no

Felles avfallsplan for småbåthamner i Radøy kommune er godkjent med nokre etterhald.

Fylkesmannen har vurdert og godkjent felles avfallsplan for 23 småbåthamner i Radøy kommune, med nokre etterhald.

Godkjenninga gjeld i tre år frå vedtaksdato. Ny plan må sendast inn seinast tre månader før godkjenning går ut, eller ved vesentlege endringar i drift av hamna.

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at de har fått dette brevet.

Fylkesmannen viser til revidert felles avfallsplan for småbåthamner sendt inn 9. april 2019.

Alle hamner skal ha avfallsplan

Som eit ledd i å verne det ytre miljøet må alle hamner ha ein avfallsplan for å dokumentere at det er etablert tilstrekkelege mottaksordningar for avfall frå skip. Krava til avfallsplanar er fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 20. Alle som driv eller eig ei hamn langs kysten (hamneansvarlege) skal utarbeide ein plan for mottak og handtering av avfall og lasterestar frå skip, jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

Avfallsplanen skal godkjennast kvart tredje år

Planen skal lagast i samsvar med krava i vedlegg I til kapittel 20, og skal sendast inn til Fylkesmannen for godkjenning kvart tredje år, eller ved vesentlege endringar i drifta av hamna. Miljødirektoratet har laga ei rettleiing til utarbeiding av avfallsplanar i hamner. For å sikre at Fylkesmannen rekk å godkjenne ny plan før den gamle går ut, må ny plan sendast inn seinast tre månader før den gamle går ut.

**Gode mottaksordningar skal bidra til redusert dumping av avfall på sjøen**

Planane, og revisjonane av desse, skal bidra til at behov for endringar i mottaksordningane blir vurdert jamleg. Saman med eit gebyrsystem som krev inn ei avgift uavhengig av avfallsleveransen, skal det vere mindre attraktivt å dumpe avfallet på sjøen og sikre at skip leverer avfall til mottaksordningar på land.

Fylkesmannen si vurdering av innsendt avfallsplan

Revidert avfallsplan mottatt 9. april 2019 er vurdert til å gje ein tilstrekkeleg vurdering av behovet for mottaksanlegg. Det er likevel nokre punkt de må gå gjennom og revidere omgåande for at planen skal vere i samsvar med krava i kapittel 20. Vi ber de sjå spesielt for kommentarane til punkt 1, 17 og 24 i vedlagt sjekkliste.

Pkt. 17 i sjekklista omhandlar handtering av farleg avfall. I førre godkjenning av avfallsplanen, 21. juli 2016, føresette vi at kommunen reviderte punktet om farleg avfall frå småbåthamner. Dette punktet er ikkje følgt opp i avfallsplan innsendt 9. april 2019, og må inkluderast i revidert plan. Dei andre punkta vi føresette at kommunen endra, er revidert i innsendt avfallsplan.

Revidert plan må vere tilgjengeleg for ev. tilsyn, men det er ikkje naudsynt å sende inn revidert plan før regodkjenning om tre år.

Sjå vår fullstendige vurdering av planen i vedlagt sjekkliste.

Vedtak

Fylkesmannen har gått gjennom den innsendte avfallsplanen og godkjenner planen i samsvar med krava i forureiningsforskrift kapittel 20, vedlegg I, med etterhald om at planen vert revidert i samsvar med våre vurderingar. Vedtaket om godkjenning er heimla i forureiningsforskrift § 20-6 tredje ledd.

Klage

Vedtaket om godkjenning kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet vart mottatt, jf. forvaltningslova § 28. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast Fylkesmannen.

Vi ber kommunen orientere hamnene som er med i planen om vedtaket og klageretten.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Diana Eidem
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Sjekkliste - Felles avfallsplan for småbåthamner i Radøy kommune